

## FORORD

Dette er ein generell skjøtselsplan for kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal.

"Generell skjøtselsplan for kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal" bygger vidare på ein plan utarbeidd av "*Kulturlandskapsprosjektet i Svartdal*" 2000-2002". Denne utgåva er supplert i regi av eit samarbeid mellom Noregs Vel og Eldhusprosjektet i Hjartdal / Svartdal.

"Generell skjøtselsplan for kulturlandskapet i Svartdal og Hjartdal" omhandlar praktisk gjennomføring av ulike skjøtselstiltak og er eit viktig tillegg til planar utarbeidd på gardsnivå i bygdene. Vurderingane er gjort på eit overordna nivå (dvs ikkje ned på gards-nivå) og det er tatt utgangspunkt i dei mange elementa som samla gjer kulturlandskapet i Svartdal og Hjartdal verdifullt både i Telemark og nasjonalt.

Innleiingsvis står det litt om kva for prosjektarbeid Hjartdal og Svartdal har hatt etter at områda vart peika ut som nasjonale verdifulle kulturlandskap av Nasjonal registrering i 1994 i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Vidare fortel planen litt om kulturlandskapet i bygdene og kvifor det er viktig med heilskapleg forvaltning av viktige kulturlandskap.

Kulturlandskapsenteret AS i Telemark vart stifta i 2005 og har kontor på Hjartdal turist og bygdesentral. Her vidareførast kulturlandskapsarbeidet dei tidlegare prosjekta har hatt i Hjartdal og Svartdal. Pr 2006 har kulturlandskapsenteret to tilsette. Hjartdal turist og bygdesentral og samarbeidet "*Telegardar – kulturopplevingar i Telemark*", vidarefører næringsarbeid innafor reiseliv og kulturopplevingar i det verdifulle kulturlandskapet i bygdene Hjartdal og Svartdal.

Framsida: Blomma på beite i lauvingslia på Myljom-To i Hjartdal sommaren 2005.  
Bileta i planen er teke av Gunhild Geirsta der det ikkje er andre opplysningar.

Noregs Vel v/ Hanne Sickel og Eldhusprosjektet v/ Gunhild Geirsta

Hjartdal 20. juni, 2006

<b>1. KULTURLANDSKAPET I HJARTDAL OG SVARTDAL.....</b>	<b>3</b>
1.1 NASJONALT VIKTIG KULTURLANDSKAP.....	3
1.2 OM KULTURLANDSKAPSVERDIANE.....	3
<b>2. PROSJEKTARBEID I HJARTDAL OG SVARTDAL .....</b>	<b>5</b>
2.1 KULTURLANDSKAPSPROSJEKTET I HJARTDAL KOMMUNE, 1999-2002 .....	5
2.2 KULTURLANDSKAPSPROSJEKTET I SVARTDAL, 2000 - 2002 .....	5
2.3 ELDHUSPROSJEKTET I HJARTDAL OG SVARTDAL, 2003-2006 .....	5
<b>3. SKJØTSEL AV KULTURLANDSKAP .....</b>	<b>6</b>
3.1 HEILSKAPLEG FORVALTNING.....	6
3.2 ØKOLOGISK DRIFTSFORM OG SKJØTSEL AV KULTURLANDSKAP .....	6
3.3 INTERESSE .....	8
3.4 ØKONOMI .....	8
3.5 FAGKUNNSKAP .....	8
3.6 KONTINUERLEG OPPFYLGING .....	9
<b>4. MÅLSETJINGA MED SKJØTSELEN.....</b>	<b>9</b>
<b>5. KULTURMARK .....</b>	<b>9</b>
<b>6. SKJØTSEL AV KULTURMARK.....</b>	<b>10</b>
6.1 ARTSRIKE SLÅTTEENGER.....	10
6.2 ANDRE SLÅTTEAREAL .....	12
6.3 BEITEMARK OG HAGEMARK .....	13
6.4 BEITEDYR.....	16
6.5 INNHEGNING.....	17
6.6 PROBLEMARTAR.....	18
6.7 LAUVINGSTRE (KYLLE TRE) .....	19
6.8 VEGKANTAR.....	21
6.9 ELVE- OG BEKKEKANTAR.....	22
6.10 MINDRE RESTAREAL.....	22
<b>7. KULTURMINNE .....</b>	<b>23</b>
<b>8. SKJØTSEL AV KULTURMINNE.....</b>	<b>23</b>
8.1 STEINGJERDE.....	23
8.2 STEINSATT BEKK/GRØFT.....	24
8.3 RYDNINGSRØYS.....	24
8.4 FERDSLEVEG/STI .....	24
8.5 BYGNINGAR .....	25
<b>9. OMRÅDE EIN TILRÅR Å BYRJA MED .....</b>	<b>26</b>
<b>10. OPPFYLJING .....</b>	<b>27</b>
<b>11. LITTERATUR .....</b>	<b>28</b>
<b>12. FRAMLEGG TIL JORDLEIGEAVTALE .....</b>	<b>29</b>

# 1. KULTURLANDSKAPET I HJARTDAL OG SVARTDAL

## 1.1 Nasjonalt viktig kulturlandskap

Nordbygda med Ambjørndalen i Hjartdal og Svartdal i Seljord kommune er 2 av 5 større sammenhengende område i Telemark som vart utpeika som nasjonalt verdifulle kulturlandskap i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i 1994 (Det sentrale utvalget for nasjonal registrering av Verdifulle kulturlandskap 1994). I tillegg vart Bondalgrenda i Hjartdal utpeika som spesialområde på grunn av interessant bygningsmiljø og rike kulturmarker.

Nordbygda i Hjartdal og Svartdal i Seljord kommune vart nominert som Noregs kandidat til Unescos prestisjetunge kulturlandskapspris i 2003. Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren skriv fylgjande om denne nominasjonen:

*”Kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal er nasjonalt verdifullt på grunn av innholdet av kulturmarker med rikt biologisk mangfold, kulturhistorisk interessante bygninger og andre kulturminner. Kommunen og innbyggerne har gjennom stort engasjement og mye arbeid tatt ansvar for å holde kulturlandskapsverdiene levende. For dette ble Hjartdal og Seljord kommune nominert av Miljøverndepartementet som Norges kandidat til ”Melina Mercouris internasjonale kulturlandskapspris 2003”. Prisen som deles ut av UNESCO, går til fremragende eksempler på sikring og fremme av viktige kulturlandskap.”*



Kulturlandskapet i Hjartdal og Svartdal.

## 1.2 Om kulturlandskapsverdiane

Rasjonaliseringa med storstilla oppdyrking av kulturlandskapet dominerer ikkje i Svartdal og Hjartdal. Her er det framleis mykje gamalt kulturlandskap intakt som eit resultat av tradisjonell drift som har vore opprettheldt i sær lang tid. Bygdene har gamle bygningar, steingjerde, røyser, bakkemurar, lauingstre, verdifull kulturmark og gamle ferdselsårer.

Dei gamle urterike slåtteeengene i bygdene kor det ikkje vert gjødsla eller nytta store landbruksmaskiner gjer området særleg viktig og verd å ta vare på. I slåtteeengfloraen i Blikaområdet finn ein truleg noko av landet sine mest individrike førekomstar av orkideen søstermarihand, *Dactylorhiza sambucina*. Indre Sogn har og mykje verdfullt kulturlandskap, men til samanlikning har heile dette området berre to artsrike enger tilsvarande dei som finst i Svartdal og Hjartdal (munl.oppl. Ann Norderhaug).

Dei artsrike slåtteeengene i området har og eit stort mangfald av insekt og særleg sommarfuglar. I bygdene er det gjort forskingsarbeid på sommarfuglar der mellom anna dei

sjeldne artene svaletjert, *Papilio machaon*, og apollosommarfugl, *Parnassius appollo*, er registrert (Fjellstad 1998). Mange insekt er sterkt spesialisert og er avhengig av plantesamfunn i gamal kulturmark. Omkring 60% av dagsommarfuglane er knytt til kulturlandskap (Norges Bondelag, 1977). Eit anna viktig biologisk kulturminne er dei mange gamle trea som vart lauva eller kyllt på seinsommaren eller tidleg haust for å skaffe vinterfôr. Greiner og kvister vart kapp frå større lauvtre. Desse vart vidare kapp med lauvhakke og lagt saman i kjerv og tørka. Selje, alm, rogn og noko ask var mykje bruka tresortar til dette føremålet i Svartal og Hjørtal. Fleire sjeldne insektartar er knytt til desse trea.

Bygdene har mange gamle hus og gardstun som er godt bevart. Desse er verdfulle i kulturlandskapet og gjev eit innblikk i dei siste hundre års utvikling og tidlegare driftsformer. På nokre gardar er uthus og våningshus fått bordkleding medan bur, loft, eldhus og smie framleis har dei gamle lafta solbrune veggane.

I skiljet mellom ulike eigedommar og ulike teigar ligg det mange stader lange fine steingjerde. Desse er kulturminne som synleggjer teigstrukturen og gjev variasjon i landskapet. Det same gjer dei mange rydningsrøysene og bakkemurane.



Stall og bur på tunet på garden Haugstaul i Svartal. Utsyn frå det freda tunet Sud-Åbø i Hjørtal.

I 1870-åra vart det funne gull i ein kvartsgang ved garden Nord-Blika, og Telemarks einaste gullgruve var i drift her frå 1882-1900 og 1933-1940. I gravene vart det mellom anna leita etter gull, vismutglans, svovelkis, blyglans, sinkblende og koparkis. Svart/hvitt bileta nedanfor er lånt ut av Seljord sogelag og er i frå den tida då gruva var i aktiv drift.



Frå gruvetida i Svartal (Foto frå Seljord Sogelag). Bilete lengst til høgre syner smelteovnen (G.Horn, 1993)

Utifrå desse kvalitetane er kulturlandskapet i Bygdene unike representantar for det historiske kulturlandskapet med både kulturminneverdiar og store naturverdiar. På bakgrunn av den botaniske artsrikdomen og strukturane i landskapet vart Svartal og Hjørtal difor høgt prioritert ved den nasjonale registreringa i 1994.

## 2. PROSJEKTARBEID I HJARTDAL OG SVARTDAL

### 2.1 Kulturlandskapsprosjektet i Hjordal kommune, 1999-2002

For å følge opp den nasjonale registreringa vart det utarbeida forvaltningsplanar for kulturlandskapet i Nordbygda med Ambjørndalen, og ein plan for vern, busetnad og stadbunden næringsutvikling i Bondal.

Vidare vart det etter initiativ frå Hjordal kommune og framlegg frå Fylkesmannen i Telemark, Landbruksavdelinga, gjennomført eit treårig kulturlandskapsprosjekt frå 1999-2002. Det vart tilsett prosjektleiar i 100% stilling. Prosjektet vart finansiert av Direktoratet for Naturforvaltning, Fylkesmannen i Telemark, Telemark Fylkeskommune og Hjordal kommune. Prosjektrapport er tilgjengeleg i Hjordal kommune og på Hjordal turist og bygdesentral.

### 2.2 Kulturlandskapsprosjektet i Svartdal, 2000 - 2002

Eit forprosjekt kom i gang hausten 1999 etter initiativ frå Seljord kommune. Det starta med eit 3 mnd. langt prosjekt som gjekk på motivering og aktivisering i høve til skjøtsel. For å konkret få sett i gong ulike tiltak av skjøtsel var det trong for å utvide prosjektida. Det vart skipa eit fellesmøte for grunneigarar og andre busette i Svartdal i november 1999, om kulturlandskapet i bygda. På møtet vart det valt ei lokal styringsgruppe til arbeid med framhald av prosjektet i Svartdal.

Kulturlandskapsprosjektet vart vidareført frå våren 2000 til våren 2002 med økonomisk støtte frå Seljord kommune, ”Områdemidlar” v/ Fylkesmannens landbruksavdeling i Telemark, Riksantikvaren og Lokal agenda midlar frå Direktoratet for naturforvaltning. Det vart tilsett prosjektleiar i 50% stilling. Prosjektrapport er tilgjengeleg på biblioteket i Seljord kommune. Alle gardsbruk i Svartdal fekk skjøtelsesplanar med gardskart, kulturminne- og kulturmarksregistreringar.

### 2.3 Eldhusprosjektet i Hjordal og Svartdal, 2003-2006



Eldhusprosjektet avslutta i juni 2006, og var ei bygdemobilisering for å satse på bygdeturisme og småskala reiselivsnæring i det verdfulle kulturlandskapet i Svartdal og Hjordalsbygda. Prosjektet profilerte kulturlandskap, gamle bygningar, bygdetradisjon innan mat og kultur, tradisjonshandverk, utmark og andre opplevingstilbod. Eit viktig mål var å skaffe nye inntekter og sysselsetjing til to bygder med verdifullt kulturlandskap.

Bygdene satsar no på mange små leverandørar som eitt reiseivstilbod. Turistane kan bu i gamle bygningar i nokon gardstun, dei kan ete tradisjonsmat og sitje til bords i gamle stoger i andre gardstun, og få andre opplevingar andre stader i bygdene. Reiseliv har blitt ei tilleggsnæring for mange og hovudnæring for somme. Bygdene har fått mange nye tilbod i prosjektperioden. Prosjektrapport er tilgjengeleg i Hjordal og Seljord kommune og på Hjordal turist og bygdesentral.

### 3. SKJØTSEL AV KULTURLANDSKAP

#### 3.1 Heilskapleg forvaltning

Det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet er skapt av tradisjonell landbruksdrift gjennom mange år og kan berre oppretthaldast dersom slike driftsmetodar får halde fram eller erstattast av andre skjøtselstiltak som tek vare på arealet sitt særpreg og mangfald.

Vi treng skjøtsel av særlege verdifulle kulturlandskap både på landskaps-, habitats- og artsnivå. Det er ikkje nok å overvake og skjøtte dei særlege verdifulle små frimerka, fordi utvikling her kan påverkast sterkt av utviklinga i landskapet rundt. Restaurering av artsrike kulturmarker der artar har forsvunne ved gjengroing, er vanskeleg. Dersom artane ikkje lengre finnast i landskapet rundt kan dei ikkje spreie seg inn i eit restaureringsområde. Det er difor naudsynt å tenkje heilskapleg og unngå at dei gamle kulturmarkene vert for fragmenterte. Vi må difor ta vare på større heilskaplege kulturlandskap der fleire gamle kulturmarker inngår. I dag ser vi at landskapet sjølv i verdifulle områder der det gjerast ein stor innsats for å ivareta kulturlandskapsverdiane forandrast.

Skal vi ta vare på det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet må ein altså legge til grunn ein heilskapleg forvaltning. Vi treng og undersøkingar som avslørar om dei virkemidlar som settast inn for å ivareta kulturlandskapets biomangfald har forventast effekt, og om dei vert godt nok ivareteke gjennom dagens forvaltnings- og skjøtelsesinnsatsar.

#### 3.2 Økologisk driftsform og skjøtsel av kulturlandskap

Idébakgrunn og målsetningar for økologisk landbruk legg opp til økt bærekraftig bruk av utmarksressursane og dermed også skjøtsel av kulturlandskap. Ein del av idébakgrunnen for økologisk landbruk er at ”mennesket har eit moralsk ansvar for å drive landbruket slik at kulturlandskapet utgjør ein positiv del av naturen” (Mattilsynet 2005). Vidare er viktige målsetningar å forvalte naturressursar slik at skadelege verknader på miljø unngåas samt sikre genetisk mangfald og artsrikdom.

Praktisk tyding av idégrunnlag og målsetningar i økologisk landbruk er at utmarka kan og bør brukast til både hausting av fôr og til beite. Beitedyr skal ha tilgang til beiter heile beitesesongen. Nasjonalparker, naturreservat, beiter i fjellbjørkeskogen samt fellesbeiter i utmark kan nyttast til hausting av fôr og til beite under føresetnad av at det ikkje er nytta anna gjødsel, jord- eller plantevernmidlar enn det som tillatast innan økologisk landbruk.

#### Viktige føresetnader for bevaring av biologisk mangfald i kulturlandskapet

For at målet om å sikre genetisk mangfald og artsrikdom skal oppfyllest og at dermed også det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet skal ivaretakast er det særdeles viktig med ein ekstensiv driftsform der man ikkje nyttar gjødsel, kalk eller sprøytemidlar i utmarka (Norderhaug m.fl. 1999). Bruk av gjødsel, uansett type, eller sprøytemidlar reduserer artsmangfaldet i kulturlandskapet da ein del kulturmarksartar er svært ømfintlege for denne type behandling. Kalking har ikkje vært ein del av dei tradisjonelle og ekstensive driftsformene som har skapt dei artsrike kulturmarkstypene og anbefalast derfor heller ikkje.

Artsrike kulturmarkstypar på innmark, som f.eks. urterike slåttenger, må heller ikkje gjødselast, kalkast eller sprøytest dersom artsmangfaldet ønskjast bevart. Blir pH-verdien for lav i ein eng kan aske brukast i staden for kalk (Norderhaug m.fl. 1999).

Biologisk mangfold knytt til kulturlandskapet er bl.a. kjenneteikna av ein del konkurransesvake og ljoseskande planter. Områda må haustas og holdast opne for at dette artsmangfaldet skal ivaretakast. Gjengroing er ein stor trussel mot kulturlandskapsartane.

### **Utmarksbeite**

Utmarka representerer verdifulle fôrressursar og godt beite. Nokre vegetasjonstypar har høgare beiteverdi enn andre (Rekdal 2001). Dersom det er lenge sidan utmarka har vært i bruk til slått eller beite er rydding av busker og trær viktige fôrforbetrande tiltak. Gode fôrplanter som gras, halvgras og urter trenger mye ljøs. Etter rydding må undervegetasjonen slås eller beitast umiddelbart då rydding medfører ein sterk vekst i undervegetasjonen som lett kjem ut av kontroll og fort utviklar seg til tett kratt og ytterligere gjengroing. Det bør ikkje ryddast meir enn det beitedyra klarer å ta hand om eller man sjølv klarer å slå.

Beite er i seg sjølv et beiteforbetrande tiltak på attgrodd utmark. Geiter og gamle sauserer har lauvvekstar på menyen og reduserer mengde busk og kratt. Dei store graseterne, ku og hest, stimulerer grasvekstar til å sette sideskot ved beite og bidrar dermed til at mengde gras aukar etter berre få sesongar (Ellingsen & Sickel 2006).

Dei ulike beitedyra påverkar vegetasjonen i utmarka forskjellig. Sauen klarer å beite selektivt på grunn av den kløyvde overleppa. Det kan gå hardt utover utvalte urter. Områder som skal beitast med sau bør kartleggast på forhand for å få oversikt over om det er sjeldne urter i området som ein ønskjer å bevare. Viss så er tilfelle bør ein legge til rette slik at sauen ikkje får tilgang til desse artane i blomstrings- og frøsettingsfasen. Geiter kan skade eventuelle trær som ein ønskjer å behalde. Større husdyr som ku og hest kan av og til medføre store tråkkskader. Spesielt sårbare vegetasjonstypar og andre forhold som gjer utmarka sårbar for beitedyr bør kartleggast slik at ein kan legge til rette for beiting på ein måte som hindrar utilsikta skader på terreng og vegetasjon.

### **Natureng/Open slåttemark**

Natureng er ein sjeldan kulturmarkstype i Noreg i dag. Dette er areal som verken er gjødsla, pløgd eller innsådd med kultiverte artar og som slåast årlig og har hatt denne ekstensive driftsforma i lang tid. Slike slåttenger er av dei mest artsrike kulturmarkstypene vi har og det finnast framleis ein del igjen i Hjordal og Svartdal. Som tidligare nemnt vil intensivering i form av gjødsling, pløying, innsåing med kultiverte artar etc. øydelegge artsmangfaldet. Engene må haustast og haldast opne med tradisjonell slått.

Enger som har blitt intensivert på ein eller annen måte kan ha rester av dette mangfaldet i kantsonene. Ved omlegging av intensiverte engar til økologisk eng vil det finnast ein moglegheit på sikt for at mangfaldet i kantsonene kan spreie seg inn i engareala dersom ein held fram med å hauste men unngår all form for bearbeiding av jord, gjødsling og sprøyting. For økobønder kan det være eit poeng å føre dyra med høyt samansatt av mange ulike naturlige vekstar. Frøblandingar som er å få kjøpt er ofte basert på få artar.

Det kan ta tid før tidligare tilført gjødsling blir borte frå jordsmonnet og jorda dermed blir egna for dei nøysame naturlege kulturmarksplantene. Denne prosessen går raskare dersom enga ligg i hellande terreng. Ein kan prøve innsåing av naturlige kulturmarksartar ved å legge på høyt med gras og urter som har satt frø frå natureng, f.eks. frå kantsonene. Dette høyet må fjernes etter at frøa har falt av.

### 3.3 Interesse

Utan ei viss interesse for kulturlandskapsverdiar vert det vanskeleg og særst tungt å driva skjøtsel. Det er ikkje til å koma vekk ifrå at skjøtsel krev mykje tid og krefter. Ivaretaking av kulturlandskap gjennom skjøtsel går også mykje på kva verdisyn ein har – ein set oftast inn meir ressursar der ein sjølv tykkjer det vil vera meningsfullt.

### 3.4 Økonomi

All skjøtsel krev økonomi, både når ein har aktiv drift og når ein driv vedlikehald. Ein meiner her økonomi både i høve til pengar og den tid ein har til rådvelde for å driva skjøtsel. Utover den eigeninnsats i form av praktisk arbeid og pengar ein sjølv er villig til å leggja ned, finst det statlege virkemiddel. Her tenkjer ein fyrst og fremst på dei ulike tilskotsordningane som er mynta på skjøtsel av kulturlandskap. At Svartdal og Hjordal er utvalt som eit nasjonalt viktig kulturlandskap skulle styrkja mogelegheita for å få tilsegn om statlege tilskotsmidlar.

Samarbeid på tvers av eigedomsgrenser kan vera økonomisk både i høve til pengar og arbeidsinnsats. For mange kan det likeeins vera god økonomi å leiga inn noko arbeidshjelp til å utføra den praktiske skjøtselen. Det vil vera viktig å ikkje leggja opp til meir drift/skjøtsel enn kva ein maktar å styra med. Får ein utført 1 tiltak er det betre enn 3 uferdige.

### 3.5 Fagkunnskap

Fyrst eit lite døme: - For svært mange vil det vera ein sjølvsgatt ting at ein stubbar lauvkratt i ei slåtteeng heilt ned mot markoverflata. Dette for at ein seinare skal kunna slå denne enga på normal måte med vanleg slåttereiskap. Sjølv om dette er opplagt viten for mange, vil det også vera nokon som ikkje sit inne med denne kunnskapen. Difor kan ein sei at det ikkje er nok å berre setja i gang skjøtsel av eit område. Det er minst like viktig at tiltaka vert utført på rett måte. Kva ein meiner med rett måte vil vera ulikt alt etter kva kulturmark eller kulturminne ein har med å gjera. I mange tilfelle vil ein kunna gjera ulik skjøtsel for å oppnå det same målet.

I Hjordal og Svartdal har det vore arrangert fleire kurs, markvandringar og markdagar med fokus på kunnskap om biologisk mangfald og praktiske skjøtselstiltak. Ei målsetjing for markdagane har vore å gje informasjon til alle som ynskjer meir fagkunnskap om skjøtsel og restaurering. Mange i Svartdal og Hjordal har denne kunnskapen, medan andre har fleire spørsmål dei ynskjer svar på. **Under: frå ulike fagsamlingar i perioden 1999-2006:**



### 3.6 Kontinuerleg oppfølging

Det er skjøtsel og driftsmåtar utførte gjennom lang tid som har skapt det særskilde kulturlandskapet ein har i Svartdal og Hjartdal. Til dømes har den tradisjonelle skjøtselen/driftsmåten skapt det arts- mangfaldet og samansetjinga ein finn her. Dei verdiane ein ynskjer å ivareta vidare er difor heilt avhengige av skjøtsel også i framtida. Anna kulturpåverknad, eller mangel av dette, vil endra kulturlandskapet. Endringa vil i mange høve fyrst koma til syne etter nokre år.

## 4. MÅLSETJINGA MED SKJØTSELEN

- Ivareta det biologiske mangfaldet gjennom heilskapleg forvaltning og skjøtsel av kulturlandskapet. Hindre forfall og gjengroing av gamle kulturmarker og landskapet rundt.
- Synleggjere kulturminne (ferdsleveggar, steingjerde, røyser, bygningar, m.m.)
- Ivareta kulturminne gjennom restaurering og skjøtsel.



Foto: Ole Per Schei

## 5. KULTURMARK

Ei stor utfordring i Hjartdal og Svartdal er å hindre gjengroing av kulturlandskapet. Ei reduksjon av det totale beitetrykket og avvikling av gamal slåttemark fører til at tidlegare opne enger og beitemark gror att. Landskapet vert meir ein-sidig og det biologiske mangfaldet minkar. Fleire registreringar syner at tradisjonell slåttemark no høyrer til blant dei mest trua naturtypane i Noreg (Norderhaug 1988, Det sentrale utvalget for nasjonal registreringa av verdifulle kulturlandskap 1994). Endringane i kulturlandskapet er ein av dei viktigaste faktorane som truer ein rekke planteartar som er tilpassa gamal kulturmark. Dette gjeld og sommarfuglar (Fjellstad, 1998).

Tradisjonell driftsform gjennom årtider har skapt ein kontinuitet i kulturmarkstypene og eit stabilt økosystem. Når den tradisjonelle drifta opphøyrar endrar dette økosystemet seg. Ein finn at opphavlege artar går ut, og nye kjem inn. Pga. dyrking, gjødsling, brakklegging, o.l. vert resultatet oftast ein nedgang i artsmangfaldet.




Kvar enkelt kulturmark er eit produkt av ei særskilt driftsform. Der det er mogeleg bør ein ha kontinuitet i skjøtselen på areal ein velgjer å ivareta. Då unngår ein gjengroing og arbeidskrevjande restaurering av arealet. Det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet er skapt av tradisjonell landbruksdrift gjennom mange år og kan berre oppretthaldast dersom slike driftsmetodar får halde fram eller erstattast av andre skjøtselstiltak som tek vare på arealet sitt særpreg og mangfald.

Blomma i Lauvingslia på Myljom-To i Hjartdal

## 6. SKJØTSEL AV KULTURMARK

### 6.1 Artsrike slåtteenger



Nokre døme på slåtteenger i Svartal og Hjørtal. Eng med søstermarihand er fotografert under bløminga tidleg i juni. Frå venstre: Eng på Nigard Lien, eng i Hjørtal med Flekkgrisøre, eng på Nord Blika og eng på Su Åkre.

Dei mest artsrike slåtteengene ein har att ligg fleire stader litt vanskeleg til for våre moderne reiskapar som t.d. traktor. I mange tilfelle er dette årsaka til at området ikkje har vorte meir intensivt utnytta. Desse engareala er ofte ikkje jordarbeidde og ikkje, eller lite gjødsla.

Mange stader inneheld kantane kring slåtteenga ein langt større artsrikdom enn midtpartiet på enga. Dette skuldast fleire faktorar. M.a. har fleire av engene ein eller annan gong vore pløgde til åker, medan kantane rundt har stått upløgde. Kantane var ofte lite produktive – og dei vart sjeldan tilført noko gjødsel. Ein slo tidlegare også veldig langt ut i kantane av engene. Lang kontinuitet av denne skjøtselen er grunnen til dei langt meir artsrike kantane enn midpartia av engene.

#### **Restaurering - slåtteeng**

På dei mest attgrodde engene må ein hogga tre og lauvoppslag, samt fjerna visna gras og urter. Ungtre kan fjernast med rot. Det er viktig at tre og buskar vert kappa heilt nede ved markoverflata (graving eller fresing er aktuelt). Dette for at ein skal kunna nytta vanleg slåttareiskap etterpå. Avfall fjernast så snart som mogleg for å unngå gjødslingseffekt. Rydding om sommaren fjernar mest næring medan rydding om vinteren tek betre omsyn til flora, fuglar og insekt. Dersom gjengroinga har kome langt bør rydding skje i etappar slik at det ikkje vert for sterk ryddingsgjødsling.



**Demonstrasjon under markdag**

Bilete til høgre er i frå markdag på Øvre Blika. Her er det kappa ned ei bjørk for å få meir lys inn på slåtteenga frå sør. Fyrst vart treet kappa ned. Deretter vart stubben kappa ned mot bakken. Med eit kubein eller spett skiljast barken frå stubben. Trykk så til med jord mellom bark og stubbe. Det vert mørkt og stubben får soppangrep. Stubben vil dø raskare og ein unngår stubbeskot. Osp og or sett rotskott og då kan ringbarking vera eit alternativ (sjå under 6.3 Beitemark).

### Fjerning av strøsjikt

I eit restaureringsområde vil det ofte vera eit strøsjikt med lauv, bar, småkvist og dødt gras som bære fjernast. Dette strøsjiktet reduserar sollyset som når jordoverflata, og verkar kvelande på små planter.

- ❖ Ei rive med flate ståltenner kjem til mellom stubbar og steinar og vil fungere bra.
- ❖ Grovt og høgt gras kan ein slå og rake vekk saman med tett sjikt av dødt gras.
- ❖ Avfall brennes på same stad som ris og anna ryddeavfall eller køyrast bort.
- ❖ Tørt og lett avfall kan og fjernast frå området i ein lett presenning.
- ❖ Mykje mose kan fjernast med moseharv.
- ❖ Store tuer kan skjærast bort (eks sølvbunke).

Etter rydding er det viktig å komme i gang med slått og eventuelt beiting same året. Dei første åra kan det vera nødvendig å slå eit par gonger i sesongen.

### Nyetablering av slåtteeeng

Etter restaurering kan det ta tid før slåttemark vert artsrik som tidlegare. Arter som ikkje har overlevd som frø i jordas frøbank må spreie seg frå andre område for at dei skal reetablere seg. Eit problem vil då vere er at spreingsveggar kan ha opphørt fordi avstanden til nærmaste kulturmark er for lang. Tidlegare vart frø spreidd med høyvognar og husdyr frå eng til eng og frå hagemark til hagemark. Det er vanskeleg å nyskape ei slåtteeeng og det er difor viktig at vi tar vare på dei slåtteeengene som finst. Der gjengroingen ikkje har kome så langt er det vanlegvis mogleg å restaurere med godt resultat.

### Råd ved innsåing

- ❖ Frø eller høy hentas frå kulturmark med tilsvarande økologiske forhold. Oppsop frå låvegulv på ein gard med artsrik slåtteeeng er eit alternativ.
- ❖ Frø bør haustas så snart dei er mogne. Då er spireevna best og dei kan få den utviklingstida dei treng.
- ❖ Ulika planter sett frø til ulike tidspunkt. Det kan difor vera nødvendig å hente frø fleire gonger i sesongen.
- ❖ Ved frøsåing kan ein laga små, grunne hol i bakken med fingrane eller med ein liten spade. Så i frøa og fyll etter med nokre millimeter med mold.
- ❖ På bare markflekkar kan høy eller oppsop frå låvegulv spreiaast ut.
- ❖ Ved kjøp av engfrøblandingar kan det vere vanskeleg å få blanding som inneheldt passande arter.

### ***Årleg skjøtsel - slåtteeeng***



**Søstermarihand**

Arts- rikdomen og samansetninga er eit resultat av den tidlegare driftsforma. Det vil difor vera lurt å finna ut korleis denne drifta var, her kan det vera store lokale variasjonar.

Ofte var det lite eller ikkje noko vårbeiting. På denne måten fekk urtene stå i fred og danna blom og seinare frø. Sauen beiter veldig selektivt og et i fyrstninga nokså konsekvent blomsterskudda. Beite av storfe vil lett medføra hardt marktrykk, og dette går igjen utover dei nye blomsterskudda. Ein rår difor berre til å vårbeita dei areala som det tidlegare vart vårbeita på. I tillegg rår ein særskilt til at ein ikkje vårbeiter enger med arten søstermarihand (*Dactylorhiza sambucina*).

Dei artsrike engene vart ofte ikkje tilført annan gjødsel enn det beitedyra la att etter seg. Nokon stader hivde ein på noko lite husdyrgjødsel, og i seinare tid har somme brukt litt kunstgjødsel. Artsrike engar må ikkje gjødselast om det ikkje har vore vanleg før – artsmangfaldet vil i så fall avta! Har enga vore svakt gjødsla kan ein halda fram med det. Bruk då same mengd og type gjødsel. Bruk av gylle er like ille for artsmangfaldet som kunstgjødsel er det.



**Slåttonn i Hjordal, 2004.**

**På enkelte gardar er hesjer framleis i bruk.**

Dei artsrike blomsterengene bør slåast seint på sommaren, dvs. frå midten av juli til byrjinga av august. Årsaka er at urtene skal få tid til å setja frø og at desse skal mognast før slått. På denne måten legg ein tilhøva til rette for ei ny frøspreiing.

Slåtten kan gjennomførast med tohjuls-slåmaskin eller ljå. Det er viktig at plantene vert skjært/klipt, og ikkje rive av som med ein fôrhaustar eller ein ”trimmar”. Ein del urter går ut når ein brukar slåttestyr som flisar opp stengelen.

Avlinga bør tørkast på enga, ialle høve er poenget at frøa skal falla av, slik at ein syter for nyetablering og vidareføring av artane. Det er særskild viktig at ein slår langt ut i kantsone kring engene. Som nemnt ovanfor er det som oftast der ein har det største artsmangfaldet!

Haustbeite i sept.-okt. er positivt. Beiting medfører at ein lagar ”rifter” i ei elles tett vegetasjonsmatte. Dette medfører at frøa kan få dei rette tilhøva (ljøs og jordkontakt) til å spira. Haustbeite kan ein ha både av sau, hest og storfe. Ein kombinasjon av ulike husdyr er ofte det beste. Ei moderat beiting er viktig, tråkkskadar og sterk nedbeiting er ikkje positivt for oppretthalding og vidareføring av artane. Her vil gamal kunnskap om kva som er ”passe” mengd av dyr og lengd av beiting koma til nytte. Dette vil mest sannsynleg vera noko individuelt frå eng til eng.

## **6.2 Andre slåtteareal**

For å ivareta heilskapen i kulturlandskapet er det ei målsetjing å halda mest mogeleg av det totale kulturmarksarealet i Svartdal ljos-ope. Med andre ord er det ynskjeleg å slå mest mogeleg av slåttearealet. I stor grad vert slåtteareala på innmarka i Svartdal allereie slått i dag.

Mange stader inneheld også kantane kring denne type slåtteeng ein langt større artsrikdom enn midtpartiet av enga. Dette skuldast fleire faktorar. M.a. har fleire av engene ein eller annan gong vore pløgde til åker, medan kantane rundt har stått upløgde. Kantane var ofte lite produktive – og dei vart sjeldan tilført noko gjødsel. Ein slo tidlegare også veldig langt ut i kantane av engene. Lang kontinuitet av denne skjøtelsen er grunnen til dei langt meir artsrike kantane enn midtparti av engene.

### **Restaurering – andre slåtteareal**

Som for dei artsrike slåtteengene.

### **Årleg skjøtsel – andre slåtteareal**

Det er sær viktig at ein slår langt ut i kantsonene kring engene. Som nemnt ovanfor er det som oftast der ein har det største artsmangfaldet! Det viktigaste med ”andre slåtteareal” er at dei vert stelt. Det beste er årleg slått, men korleis og til kva tid ein gjer dette er mindre relevant. Legg ein slått seint sikrar ein at plantene får spreie frøa sine. Der ein ynskjer å oppretthalda artssamansetninga er dette eit viktig punkt. I mange tilfelle vil vår- og haustbeiting vera positivt for å halda denne type slåtteareal i god hevd. Der ein berre har ein slått pr. sesong vil dette vera med å fjerna opphoping av visna urter og gras.

Slåtten kan til ein viss grad erstattast med beitedyr for å oppnå å halda områda opne. Ver merksam på at dette kan få stor innverknad på floraen! Likeeins vil dette i mange høve danna tuver og uynskt opptrakka markoverflate. Ein må her vega ulike ting opp imot einannen, kanskje er dette einaste måten det er realistisk å halda arealet ope i dag? Skjøtsel av slåtteareal med beiting må supplerast med å gå inn å rydda vekk oppslag av tre og buskar.

### **6.3 Beitemark og hagemark**

Dette er areal som i seinare tid berre har vorte nytta til beiting. Mange av beita kan tidlegare ha vore nytta som slåttemark. Hagemark (*eller hage, havn, havnehage*) er ein kulturmarkstype med tre og busksjikt. Hagemark har og hatt tradisjon for noko slått i tillegg til hausting av lauvfôr. *Hage* betyr opprinneleg ”inngjerda stykke beitemark”.

### **Restaurering – beitemark**

Det fyrste ein må gjera i attgrodde beiteområde er rydding av buskar og tre. Ei storstila rydding vil i mange høve gje store oppslag av lauvkratt og næringselskande artar som brennesle og bringebærkratt. Kan ein gjera denne ryddejobben over fleire år vil det vera ei føremon. Ved å setja inn beitedyr tidleg kan dei ta det oppskotet som kjem, medan desse artane enno er frisk føda. Beiting av ulike dyr vil vera gunstig pga. deira ulike beitemønster.



Ryddsa saubeite på Haugsvold i Svartdal. Slått og beitemark på Kåsa i Hjartdal, Foto: Eva Håtveit

Or og osp kan evt. ringbarkast, for så å fjernast etter om lag 3 år. Dette for å hindra store mengder av rotoppslag som lett kjem når ein hogg desse trea på vanleg måte. Rydding av buskar og kratt midtsommars gjev best resultat. Vegetasjonen vert då fjerna med mest mogleg næring, og ein får utarma rotsystemet mest (sjå også 6.1 restaurering av slåtteeng).

Nokre stader kan gjengroinga ha resultert i høg, tett grasvegetasjon og eit tjukt lag med strø ned til bakken. Dette kan under kontrollerte tilhøve sviast av tidleg om våren medan marka enno er fuktig. Denne type skjøtsel frarår ein om ein ikkje har ein viss kunnskap med kva ein set i gang! Hugs på at dette gjer ein kraftig gjødslingseffekt. I staden kan ein slå og raka vekk denne vegetasjonsmassen. Beiting med hest vil også til ein viss grad kunna fjerna noko av det visna graset.

- ❖ Rydding bør byrje med buskar og kratt som kan tas om sommaren, gjerne i kombinasjon med beite.
- ❖ Dersom arbeidet er omfattande kan det og gjennomførast på seinhausten på frossen mark, men snøbar slik at buskene vert kapp så lågt som mogleg.
- ❖ For å ta ut større tre skånar ein marka mest ved å gjera dette på frossen mark.
- ❖ Dersom området skal vera tresatt (hagemark) bør ein spare tre med ulik alder (med tanke på foryngelse).
- ❖ Særleg gamle tre med vid krone bør sparast og fristillast.
- ❖ Der tre har stått tett og berre fått utvikla ei smal krone er det betre og sette att låge unge tre. Dei er ikkje så utsett for vindfall og vil raskt utvikle ei fin krone.
- ❖ Å spare reservetre kan vera nødvendig dersom trea har stått tett. Særleg er rogn utsatt for vind ved fristilling.
- ❖ Sjølv ryddinga utførast manuelt med motorsag, motorryddesag, busksaks og ryddekniv. Hugs verneforskrifter!
- ❖ Avfallet må ikkje bli liggjande, men fjernast eller brennes.

### Ringbarking

Ringbarking er eit alternativ ved hogst av or og osp som lett sett rotskott.

- ❖ Barken fjernast heilt i ein ring kring stamma. Næringstilførselen frå krone til rot vert avskoren.
- ❖ Det må ikkje stå at noko bork som kan leie næringa til rota.
- ❖ Ringen lagast nedanfor den nedre greina på treet.
- ❖ Prosessen er tidkrevjande. Det kan ofte gå 2-3 år før treet/rotnettet er utarma og treet kan hoggast.
- ❖ Det er lettast å ringbarke om våren.
- ❖ Bruk øks eller snidel i staden for motorsag.

### Råd ved brenning av kvist

- ❖ Vel brannplass med omhug. Følg den lokale brannbestemminga og tenk på brannrisiko.
- ❖ Gjør først opp eit lite bål. Når det er eit lag med glør kan dette spreiaast ut til ønska omfang.
- ❖ Greiner og kvist på bålet bør ikkje vera lengre enn diameteren på dette laget.
- ❖ Mot slutten samlast utbrente restar inn mot midten slik at alt brenn opp.
- ❖ Brenning får ikkje foregå på fjell eller stein og heller ikkje på stader med et torv- eller moselag der det kan oppstå jordbrann. Ein jordbrann kan blusse opp på nytt i fleire år og øydeleggje heile området.
- ❖ Bålplassen må heller ikkje foregå så nær tre at dei vert skada av varmen. Dette merkast ofte ikkje før etter nokre år når barken sprekk og fell av.
- ❖ Kald aske fjernast eller spreiaast ut over området. For å unngå at uønska artar etablerer seg i brannflekken kan ein seinare så inn lokalt engfrø eller spreie ut artsrikt høg i flekken.

### Råd ved trehogst

- ❖ Hogst bør gjerast om vinteren på frosen mark, og gjennomførast slik at den ikkje skadar tre som skal stå att.
- ❖ Stubben bør vera så låg som mogleg.
- ❖ Tre felles slik at toppen fell i motsett retning av transportretninga.
- ❖ Store tre kvistas så langt dei heldt tømmerdimensjon.
- ❖ Dersom noko av treet skal brukast til slip, kappas det i ein eller fleire lengder med greinene på.
- ❖ Sliplengdene trekkast ut til kviste-og kappeplass utanfor restaureringsområdet, der dei kvistast, kappes og leggast i haug.

Ved arbeid i verdfull kulturmark må utkjøring skje skånsamt på frosen mark.

### Råd ved planting av tre

- ❖ I ein restaureringsfase kan det og vera aktuelt å plante inn nye tre.
- ❖ Planting av tre bør skje om våren før lauvsprett. (Dei som evt er kjøpt i kar frå planteskule eller hagesenter kan plantast heile vekstsesonen).
- ❖ Planter bør hentast frå eit område i nærleiken.
- ❖ Planting vert lettare vellukka når treplantene berre er eit par år gamle. Også eldre tre kan nyttast. Dei bør ikkje vera for store for då tek det lengre tid for dei å hente seg inn att etter flyttinga.
- ❖ Planter som har stått i skugge bør ikkje veljast fordi dei utviklar seg dårleg når dei får ein plass med mykje meir ljøs.
- ❖ Dersom ein ynskjer å frøsa tre skal ein så fleire frø inntil kvarandre.
- ❖ I beitemark kan piggete busker som slåpe-eller nypebuskar skydde nyplanta tre mot gnag frå beitedyra. Eit alternativ er metallnetting kring stammen.

### ***Restaurering – tillegg for hagemark***

- ❖ Ta stilling til kva for hagemarksstruktur ein ynskjer å reetablere.
- ❖ Er hagemarka sterkt tilgrodd kan ein prioritere dei artane ein ynskjer i bestandet.
- ❖ Ta omsyn til biologisk mangfald og sårbare artar i området.
- ❖ Ein vurderar gjerne kva for skjøtselsavhengige artar som finnast frå tidlegare, om dei skjøtselsavhengige artane berre er restførekomstar eller finnast i større mengder, og om fleirtalet av oppminnelege artar må tilførast på nytt med frø.
- ❖ Restaurering av hagemark er ein omfattande forandring og det kan ta tid før ein får etablert den hagemarksstrukturen ein ynskjer. Tilbakeskjering av tre gjev ein gjødslingseffekt som fører til at det ofte etablerer seg ein frodig vegetasjon på rydningsflatene.



Beitemark på Nordbø Øvre og Holm i Hjørtal

### **Årleg skjøtsel – beitemark og hagemark**

Skjøtsel av beite inneber i fyrste omgang beiting. Beitebelegget bør tilpassast til det enkelte beitet. Beitinga må supplerast med rydding av skog og buskar etter behov. Som for dei andre kulturmarkene er det gunstig å halda fram det tradisjonelle driftsopplegget der dette er praktisk mogeleg å gjennomføra. Endra skjøtsel kan i mange tilfelle oppfylla målet om ljusopne areal, men strukturen i beitet kan endra seg mykje frå det ein hadde tidlegare. Ein må leggja skjøtselen etter kva resultat ein ynskjer å oppnå. I hagemark bør ein helst fylgje opp tidlegare hausting av tre- og busksjikt og berekne tal beitedyr i forhold til areal og produksjon.

På mange beiter får ein problem med oppslag av ulike artar som dyra ikkje et. I mange tilfelle kan ein ved sambeiting av både hest, storfe, sau og geit redusera dette svært mykje. Som eit supplement er det gunstig å slå dei uynskte artane fleire gonger i løpet av sommaren (før frøsetjing), på sikt vil ein då utarma rotsystemet. Slipp dyra tidleg på beite.

Varig skjøtsel av litt større areal som beita ofte er, er sær arbeidskrevjande og vanskeleg om ein ikkje greier å få inn beitedyr. Det er difor viktig at ein tidleg i planlegginga av skjøtselen får i gang organisering av beiting. Beiteavtaler med andre grunneigarar som har beitedyr eller kontakt med ulike beitelag er ei løysing. Likeeins kan landbrukskontoret i kommunen sitja med ein viss oversikt over husdyrhaldarar som har trong for beiteareal. Vedlagt i denne planen ligg eit forslag til kva moment ein bør ha med i ei jordleigeavtale.

## **6.4 Beitedyr**

### Storfe

- ❖ Tek store munnfullar, river av graset i ulik høgde og tek ofte med røter.
- ❖ Storfe nyttar tunga og slit materialet av. Dei kutter ikkje så nær overflata.
- ❖ Dei er mindre selektive enn sau og geit og beiter vanlegvis ikkje så snautt.
- ❖ Dei et helst gras og urter. Dei beiter og i fuktig mark langs vassdrag.
- ❖ Storfe lagar lett sår/rifter i vegetasjonsdekket. Dei lagar markerte stigar og tråkk.
- ❖ Særleg or og bartre vert ståande att ubeite. Utan beite vil eit storfebeite raskt gro til.
- ❖ Beitemåtar elles vil variere med raser og om det er kalv, kviger eller kyr.

### Sau

- ❖ Sauen er lett og tek seg greitt fram i terrenget. Den vel urter framfor gras og starr!
- ❖ Likar lauv betre enn storfe.
- ❖ Etter rydding et dei buskoppslag og held beita frie for lauvkratt.
- ❖ Ved mykje gras kan sau beite svært selektivt og sette att store mengder gras og urter. Dei vel ut i frå lukt, smak og syn. Dei et ikkje sølvbunke.

### Geit

- ❖ Geit beiter i flokkar og kan utnytte vanskeleg tilgjengeleg beitemark.
- ❖ Dei vel tre og buskar framfor gras og urter.
- ❖ Dei plukkar litt her og der, men kan beite svært snautt.
- ❖ Ofte krev dei betre gjerdehald enn sau, men dette er avhengig av rase og kor mykje mat dei har i beitet.

### Hest

- ❖ Hest er ikkje drøvtygger, men kan likevel fordøye hardt og trevlerikt fôr.
- ❖ Hesten bit av graset og kan også ete gras som andre husdyrslag ikkje klarar å nyttiggjere. Den heldt til dømes sølvbunke og engreverumpe nede.
- ❖ Hest et gjennomgåande lite lauv.

- ❖ Den kan forårsake store skadar på busker og tre ved å gnage på ungtre og stammer.

### Sambeiting



Gro Aakre saman med beitedyr på Livseng (foto J. Aakre, 1930 tallet)

Tidlegare var sambeiting av fleire husdyrslag vanleg. I fjellbygdene var beiting av sau, geit og storfe utbredt. Dyra har ulike beitevanar og fôrhausting og utnytting av beiteareal aukar.

Ved einseitig beiting med storfe vil dyra ikkje hauste grasnet omkring gjødselruker. Sauen kan derimot beite inntil gjødsel for storfe. Dette fører til jamnare avbeiting og betre gjenvekst, produksjon og beitekvalitet.

Sambeiting og vekselsbeiting gjer mindre parasittproblem for dyra enn einseitig utnytting av beitemarka.

## 6.5 Innhegning

Eit godt tidspunkt for gjerding er like etter teleløyisinga om våren medan marka framleis er fuktig. I gamle kulturlandskap tek det seg godt ut med tradisjonelle gjerde. Konstruksjon av slike gjerde her vore avhengig av lokale tradisjonar, kva materiale det var tilgang på, og kva for beitedyr som var inngjerda. I Svartal og Hjørtal har det som mange stader vore bordgard med ståande eller liggjande bord. Ofte stod det bordgard i steingarden. Det er rester etter slike gjerde mange stader bygdene. På eigeidomane er det og døme på stakitt kring tun og hage med nyttevekstar. I dag er det aktuelt å bruke både tradisjonelle gjerde og moderne gjerdevariantar.



Bilete til venstre syner steingjerde i grensa mellom Nord Svartal og Luten. I midten er det døme på nytt gjerde på gamal steingard (Nordbygda i Hjørtal). Tradisjonell bordgarden til høgre (Nordbygda i Hjørtal).

### Gjerdestolpar

- ❖ Trykkimpregnert furu er haldbare stolpar. Impregnering kan vera skadeleg for ømtålig flora og er ikkje alltid å anbefale ved innhegning av artsrik gamle kulturmark.
- ❖ Bartrevirke som ikkje er impregnert vil rotne fort. Stolpar av einer (innsett med tjære nedst) og eik vil halde lengre.

### Elektriske gjerde

- ❖ Elektriske gjerde er praktiske, særleg når ikkje inngjerdinga skal vera permanent. Som tråd kan vanleg ståltråd eller polyesterband brukast. Også netting finst. Det elektriske aggregatet kan ha ulik styrke med tanke på ulike dyr. Dei drives av batteri, solcelle eller koplast til elektrisitetsnettet.
- ❖ Stolpene kan vera tradisjonelle trestolpar med fastskrudde isolatorar, eller stolpar i plast eller stål. Trestolpar plasserast på alt i frå 3-6 m avstand avhengig av terrenget.

- ❖ Elektriske gjerde med tre eller fire trådar kan nyttast til sau og geit. Alternativ er saunetting som finst i ulike utformingar og kvalitet.
- ❖ Dersom kyr skal gjerdes inn med saunetting bør den forsterkast med ein elektrisk tråd om lag 15 cm ovafor nettingen. Dette gjeld ofte og for geit.
- ❖ Saunetting er ikkje så bra til inngjerding av skodde hestar då dei lett sett seg fast.

#### Råd ved oppsetjing av saunetting

- ❖ Stolpar settes ned med om lag 1.50 – 1.80 meters avstand.
- ❖ Dei bør vera ca 1.80m lange og bankas ned til dei vert ca 1.20m.
- ❖ Nettingen festas på innsida av stolpane. På hjørnestolpen og den nærmaste stolpen på kvar side skal nettingen festas på utsida!. Hugs at dei minste netthola skal vera nederst.
- ❖ Nettingen må strekkast hardt. Berre øvre og nedre tråd må spikrast fast på kvar stolpe. Mellomtrådar festes på annakvar stolpe. Nedre tråd skal ikkje vera høgare enn 4-5cm frå bakken.
- ❖ Dersom nettingen må skjøtes bør dei horisontale trådane klippas fri slik at dei kan bendast tilbake i ein krok. Hugs at hola i nettingen bør vera om lag like store som dei andre for at ikkje dyra lett sett fast hovudet i gjerdet.
- ❖ Dyr på beite må ha tilgang på vatn og jamt tilsyn!

#### **6.6 Problemartar**

I gamal kulturmark som gror att er det ofte er einstape, mjødurt, grove gras, hundekjeks, nesle, bringebær og bærlyng planter. Etter kraftig hogst og rydding vil nitrogenelskande arter (bringebær, nesle, åkertistel og geiterams) nytte seg av ryddingsgjødslinga og lett ta overhand.

- ❖ Hard beiting kan svekke konkurransevna til desse plantene. Startar beitinga tidsnok kan ein forhindre at desse plantene får overtaket.
- ❖ Ved å styre beitetrykket ved å dele inn beitemarka i mindre areal kan ein hindra at dyra først beiter næringsrik vegetasjon og sidan kviler i eit meir næringsfattig område og dermed gjødslar dette.
- ❖ Beitedyra bør ikkje få tilskottfôr når dei beiter i eit område der det er ynskjeleg at næringsinnhaldet skal verta lågare.
- ❖ Beiting bør halda fram så lenge som mogleg utover hausten slik at det ikkje vert så mykje strø (dødt gras) att til våren.
- ❖ Beitetrykket og innverknaden på floraen må kontrollerast. Tynt gras- og urtesjikt får lett tråkkadar ved stort beitetrykk.
- ❖ I nokre tilfelle kan det vera betre å slå fyrste året etter ryddinga. For vegetasjon som er betinga av beite er ikkje slått den optimale skjøtselen og ikkje alle beitetilpassa arter tåler slått.
- ❖ Sau beiter mange problemartar. Den tek vanlegvis mjødurt, hundekjeks, bærlyng, bringebær og åkertistel. Den beiter og gjerne oppslag av alm, ask, osp, bjørk, eik hegg, lønn, lind, vierartar og nå skot av nypebusker.
- ❖ Små skot som kjem opp etter beiting på forsommaren tek sauven på ettersommaren. På dette viset mister problemartene si konkurransevne etter nokre år.
- ❖ Av omsyn til floraen er det ofte best å gå over til sambeiting med kyr eller ungdyr og færre sau.

#### Problemarter som ikkje vert beita

- ❖ Grunnprinsippet er også her å tømme vekstane for næringslageret slik at dei misser konkurransefortrinn

- ❖ Plantene slåast så snart lauv/blad er fullt utvikla og klare til å føre produserte næringsemne attende til rotsystemet.
- ❖ Bruk reiskap som i størst mogleg grad skadar arten (slitande/oppflisande). Dette resulterer i at artene må satse meir energi for å erstatte tapte skot og at rotsystemet må gje frå seg ytterlegare næring i staden for å få tilført næring.
- ❖ Nesle: slå repeterande gonger med ljå fleire gonger i sesongen. Kan evt og løyse opp rotsystemet med greip (spesielt effektivt i tørt vær).
- ❖ Einstape og bregner: Slå med ein tunn kjepp slik at stilken knekk, men ikkje vert kappav. Bregna oppfatar ikkje skaden og pumpar næringsstoff som før og det vil ta lengre tid for produksjon av nye skot. Slag med kjepp er meir effektivt enn bruk av ljå.
- ❖ Mjødur: Beste skjøtelsesråd er slått i kombinasjon med etterbeite. Mest skade får planta ved slått i vekstfasen, om lag 30-40 cm høg, når det er mykje energi i veksten. Mjødur har store bestandar på fuktig- og næringsrik grunn. Den er fleirårig og spreier seg med krypende og forgreina jordstengel. Dersom ein får bukt med denne planta betrar lystilhøva seg for andre mindre artar.
- ❖ Hundekjeks: Er ei god beiteplante men har dårleg fôrvekst. Den foryngar seg med frø og har stor frøproduksjon. Det er rasjonelt å slå av stilkane om sommaren rett etter bløminga. Ved frømogning utviklar planta då nedbrytingssignal som gjer det enklare å få bukt med planta. Slå før frøa vert moglege.
- ❖ Tistlar er to-og fleirårige og har eit djuptliggjande rotsystem. Bladrosetten skal hakkast av med hakke eller spade like under rosetten. Dei har effektivt forsvarssystem mot beite og er sårbare når dette blir sett ut av funksjon. Alle vekstar med frøhus bør ikkje nå mogning før slått!

## 6.7 Lauvingstre (Kyllte tre)

Mange stader i Svartdal og Hjordal er det tre som tidlegare vart kylla (styva). Desse gjev landskapet ein variasjon både i struktur og artsmangfald. Desse trea er i mange høve ”bustad og/el. matfat” både for ulike plantar, insekt og fugl. Trea måtte haldast små slik at dei ikkje gav for mykje skygge. Ofte står dei ved rydningsrøyser, langs bekkar eller gjerder. I bygdene er det fleire stader større lier der desse trea står tett. Alm, ask, rogn og selje var mykje bruka tresortar til dette føremålet. Alm og ask er dei treslaga som gir lauv med høgast fôrverdi.

På Myljom-To i Hjordal praktiserar dei framleis denne tradisjonen. Dei kunne tidlegare produsera opp til 1000 lauvkjervar på garden. På Myljom-To i dag vert det laga til mellom 300 og 500 kjervar og lauvet utgjer ein langt mindre del av fôret på garden enn tidlegare.



Lauving på Myljom-To i Hjordal (Foto: Ole Per Schei)



Bileta syner døme frå eigedomane Su Lien, Haugsvold, Nord-Lien og Su Åkre i Svartdal.

### ***Restaurering - lauvingstre***

Gamle kyllte tre har ofte utvikla ei enorm trekrone med grove greiner ut frå hovudstamma. For å fjerna desse bør ein kappa greinene i fleire etappar for å unngå flekking av trestamma. Restaureringa startar med å fristilla trea. Kapping av store kraftige greiner bør skje etter lauvfall, sein h aust eller tidleg vinter, og før sevjetida. Ein kappar til slutt greinene om lag 5 cm ovanfor siste kapp-punkt då gjenvekst er betre frå yngre bark. Snittflatene må vere minst mog leg og med ein hellingsvinkel. På denne måten renn vatnet av, og ein unngår rote. Det kan vere fornuftig å skjere trea tilbake over eit par år. Då fjernar ein ikkje all den grønne bladmassa fyrste året.

Det er viktig å tenkje på balansen i treet når ein skjer tilbake overdimensjonerte kroner. I



større felt kan det og vere lurt og dele arealet opp i teigar, slik at ikkje heile området skal lauvast/kyllast på nytt det same året. Det er viktig å tenkje på balansen i treet når ein skjer tilbake overdimensjonerte kroner.

Har ein tilstrekkeleg kunnskap om bruk av motorsag, og samtidig kan sikra seg, vil det i mange tilfelle vera mest tenleg å bruka motorsag til denne arbeidskrevjande jobben. Ved enklare restaurering er manuell stangsag eit egna reiskap.

### **Kyllte tre i lauvingsli på Myljom-To i Hjordal**

#### Etablering av nye tre

Ved etablering av nye tre er det viktig å velje ut tre eit ungt tre som står opent med god lystilgang. Gamle kylla tre i området bør stå som eksempel ved etablering av slike nye tre. Treet kappast på om lag 3 m over bakken og fleire greinar sparast. Stammen kvistas opp til mannshøgde. Etter fem år har eit rikt greinverk vekse ut på nytt og det er på tide å kappe på nytt. Kapp topp og hovudgreinar. Spar at nokre får livsgreiner.

### **Skjøtsel - lauvingstre**



På både alm, ask og selje kan ein kappav vekke alle greinene i ein operasjon. Med tre som bjørk er det viktig at ein berre tek nokre greiner kvar gong. Fjernar ein alle greinene her, vil heile treet døy. Når greinene ikkje er altfor tjukke var det vanleg å nytta ein særskilt ”lauvingskniv”. Med denne hogg ein greinene av. Ein kan likeeins nytta sag og evt. kraftige sakser. Som for restaurering kappar ein greinene om lag 5 cm ovanfor siste kapppunkt. Greinene ein kappar av kan bindast til lauvkjerv og nyttast som fôr til husdyra. Ein smidig kvist av bjørk eller rogn vart bruka til å binde saman eit lauvkjerv (om lag eit armfang). Om avkappet er ynskt som fôr, bør ein føreta lauvinga kring august/september for at lauvet skal innehalda ein viss fôrverdi. Er målet med lauvinga kun å ha lauvingstre, kan ein like godt føreta lauvinga på vinterstid. Dei grovaste greinene kan i alle høve nyttast som ved.

Det var vanleg å lauva trea om lag kvart 5. år (ein finn lokale variasjonar). Behovet for fôr styrte dette tidlegare. Her kan ein nytta lengre tidsintervall alt etter kor stor skuggeeffekt ein tillet ned til bakken. Men i dag, når problemet er få beitedyr og mykje beiteareal, er truleg ikkje grasmengda under trea det ein treng ta mest omsyn til.

### **6.8 Vegkant**



I Hjordal og Svartdal finn ein fleire vegkantar med stort artsmangfald. Det er viktig å stella desse kantane, då dei kan fungera som spreingskanalar for ulike artar frå eit område til eit anna (denne spreinga vil ikkje minst me som ferdast på vegane vera med på å gjennomføra). Eit anna poeng med å stella vegkantane er det heilskaplege biletet. Vegkantar som er slått/rydda dannar avslutninga på eit skjøtselsarbeid. Heilskapen vert mykje betre enn når ein let det vera.

Artsrike vegkant i Svartdal

#### **Restaurering - vegkant**

I Svartdal og Hjordal er det mange fine vegkantar som har vorte stelte i årevis, medan andre ikkje vert stelte lengre. Nokon av dei ustelte kantane gror att med mindre buskar og kraftigare artar av både gras og urter. Her bør ein ta eit kraftig tak i rydding av den uynskte vegetasjonen, for å hindra etablering av tette krattsoner. I mange tilfelle vil det vera rett å spara nokre tre og buskar når ein ryddar.

#### **Skjøtsel - vegkant**

Det er viktig at ein held fram med skjøtsel av dei kantane som allereie vert stelte i dag. Dei fleste vegkantar krev jamleg skjøtsel i form av slått for å oppretthalda det biologiske mangfaldet. Det er ikkje sikkert at ein nødvendigvis må utføra denne skjøtselen kvart år, kanskje kan ein slå kvart 2. år. Dette bør tilpassast i kvart enkelt tilhøve. Har ein td. mykje oppslag av lauvkratt og bringebær vil det vera best å slå årleg. I område ein meiner vegkanten er mindre viktige for heilskapen kan ein evt. la det gå lengre tid mellom kvar slått/rydding.

Vegkantane bør slåast med reiskap som skjer/klipper (tohjuls slåmaskin, ljà). Denne metoden er mest skånsam for plantene, og ivaretek med det artsmangfaldet best.

Etter å ha gjort ei storstila rydding vil ein ofte få store oppslag av både lauvkratt og artar som t.d. bringebær. Her vil ei oppfølging med årviss slått vera nødvendig i vedlikehaldet. Kantar med mykje lauv- og bringebærkratt kan slåast med kantklippar/ryddesag som riv og flisar opp stengelen på plantene. Denne type reiskap kjem til i ulendt terreng og kan nyttast av personar som ikkje meistarar å slå med ljà.

## 6.9 Elve- og bekkekantar

Langs åi i bygdene er det tett vegetasjonen. Elva er i dag innringa av til dels store tre. Dette skuggar ut sjølve innsikta til elva som er ein del av det totale landskapet. På same vis vil ein pga. denne vegetasjonen heller ikkje kunna sjå mange andre element – t.d. steingardar. Når ein køyrer innover dalen i dag køyrer ein fleire stader som i ein ”tunnel” av høg vegetasjon. Kunne ein tynna ut noko i trevegetasjonen kring elva ville landskapet framstå som meir ope og livskraftig. Der det er stabile kantar kor vatnet ikkje grev kan det mange stader vere aktuelt å opne opp litt. Kanskje vil dette og kunna auke trivnaden for busetnaden nær elva.



Hassel, selje, or og osp langssetter åi i Svartdal

Det er viktig å berre opne opp i vegetasjon langs åi. Kantvegetasjonen er viktig for å hindre erosjon langs vassdraget, skape eit betre lokalklima, minske avrenning og forureining frå jordbruksareal. Rotnettet binder kantane langs vassdraget. Kantvegetasjonen er og eit viktig skjul-og beiteområde for fuglar og småvilt både sommar og vinter.

### *Restaurering – elve og bekkekantar*

Tynning i trevegetasjonen, samt fjerning av buskar og anna uynskt vegetasjon. Det er ynskjeleg at noko vegetasjon står att, ikkje minst for å fanga opp evt. gjødselavrenning frå kringliggjande jordbruksareal. Sjå ovafor om rydding og ringbarking av or og osp.

### *Skjøtsel – elve og bekkekantar*

År om anna må ein inn for å tynna ut i vegetasjonen som skyt opp. Det er fint om ein evt. har høve til å få noko av desse kantsonene beita, det vil i så fall krevja mindre innsats frå den menneskelege hand. På slåtteareal som ligg nær inntil oppfordrar ein å slå så langt ut til kantane som mogeleg. Ein tilrår å gjødsla minst mogeleg på desse areala då dei normalt sett ikkje har nokon produksjonsverdi lengre. Gjødsel nær elvekanten vil også medføra større risiko for ureining til elva.

## 6.10 Mindre restareal

Her tenkjer ein t.d. på åkerreiner, grøfter, mindre felt som står att etter traktorslått pga. ulendt terreng, el.l.. Dette vil ofte vera restar etter eldre kulturmarker Som nemnt under vegkantar kan mange av desse mindre areala vera viktige leveområde for plantar, insekt og fuglar (det biologiske mangfaldet). I dag når fleire av dei gamle kulturmarkene har vorte sjeldne pga. oppdyrking og/el. endra driftsform kan desse små areala spela ei viktig rolle ved å vera

veksestad for artar som ikkje kan leva i den ”nye” kulturmarka. I område med mykje ”ny” kulturmark vert desse mindre areala ekstra viktige for det biologiske mangfaldet.

Som for dei andre kantsonene ein har omtala vil skjøtsel av desse små areala vera ein ”prikk over i-en” i avslutninga på eit skjøtselsarbeid. Heilskapen i eit stelt kulturlandskap vert meir fullstendig.

### ***Restaurering - restareal***

Tynning i trevegetasjonen, samt fjerning av buskar og anna uynskt vegetasjon. Det er ynskjeleg at noko vegetasjon står att, om ikkje anna enn for å ha variasjon i landskapet. Tilpass dette til den lokale tradisjon og ynskt resultat.

### ***Årleg skjøtsel - restareal***

Slå areal som står att etter avslutta traktorslått! For andre areal må ein tilpassa skjøtselen etter kva resultat ein ynskjer. Det viktigaste punktet for mange av denne type areal er at ein i heile teke føretek skjøtsel for å halda areala opne.

## **7. Kulturminne**

Ei anna utfordring i Svartdal og Hjordal er gjengroing og forfall av tekniske kulturminne. Sjølv etter fleire år med mange ryddeprosjekt er det framleis behov for å fristilla steingjerde frå oppslag av busker og tre. Gamle ferdselsveggar, stigar, tufter og rydningsrøyser vil og forsvinne med auka gjengroing.

Mange gamle hus i bygdene ligg fritt og opent og er godt bevart. Enkelte bygningar er i dårlegare stand og vedlikehald er nødvendig dersom ikkje bygningane skal forfalle. Utmarksløer, hustufter og rester etter andre bygningar ligger ofte skjult og er utsatt for gjengroing og forfall. Når kulturminna gror igjen eller raser saman, vil dei ikkje formidle sin historie på same måte og landskapet mister mange kvalitetar.

## **8. SKJØTSEL AV KULTURMINNE**

### **8.1 Steingjerde**

#### ***Restaurering - steingjerde***



Synleggjering av steingarden vil vera fyrste prioritet. Det gjer ein ved fjerning av lauvoppslag/tre og slått av høgtveksande planter. I nokre tilfelle er det ynskjeleg at ein let nokre tre/busker stå att. Det vil i mange tilfelle også vera på sin plass med ei generell oppryddinga av ”skrot” som evt. ligg kringom (restar etter tidlegare gjerde m.m.).

Mange steingardar er i dårleg forfatning. Nokre kan restaurerast med ein overvinneleg arbeidsinnsats, medan andre truleg bør få liggja som eit kulturminne i den tilstanden dei er. Restaurering bør skje ved bruk av stein med mest mogeleg lik utsjånad. I mange høve er det tilstrekkeleg mengd stein å bruka den som tidlegare var brukt, og no ligg kring steingarden.

### ***Årleg skjøtsel - steingjerde***

I dei fleste tilfelle er det nødvendig med årleg slått og fjerning av lauvoppslag (årleg slått vil nokre stader medføra mindre oppslag av lauvkratt). Der det er mogeleg kan ein beita området. Med beiting vil ein i stor grad kunna unngå lauvoppslag, likeeins vert det mindre slåttarbeid. Når det ikkje har vore slått eller beita inntil steingarden på fleire år vil det etterkvart bli ein jordvoll langsetter muren der det veks bringebærkratt, mjødur og andre høge staudar. For å få beite heilt inntil muren bør ein ha gjerde oppå steingarden slik det mange stader har vore tidlegare i Svartdal og Hjordal.



## **8.2 Steinsatt bekk/grøft**

Mange stader i bydene er det mura i bekkeløp og grøfter.

### ***Restaurering***

Som for steingard.

### ***Årleg skjøtsel***

Som for steingard.

## **8.3 Rydningsrøys**

Den steinen som ikkje vart brukt til nyttige formål, til steingjerde eller bakkemurar, vart lagt opp i røysar. Mange stader i bygdene er desse røysene fint mura og ligg stødige i terrenget.

### ***Restaurering - rydningsrøys***

Ei synleggjering av elementet vil her vera det viktigaste, samt fjerning av skrot som ofte ligg på og kring steinrøysene.



Rydningsrøysar på Su Barstad og Haugstaul. På desse eigedommane er det mange røysar som er fint mura.

### ***Skjøtsel - rydningsrøys***

Fjerna lauvoppslag og uynskte buskar etterkvart. Beita kring steinrøysene i den grad det er praktisk mogeleg. Slå der det vil vera den beste løysinga for det ynskta resultatet. Evt. kan dette gjerast annankvart år der vegetasjonen veks moderat.

## **8.4 Ferdslveg/sti**

Tilrettelegging for ferdsel og kommunikasjon er ynskta tiltak i kulturlandskapet. På dette viset gjer ein områda tilgjengelege for ålmenta. Bruk dei eldre ferdselsvegane/stiane der dette er

mogeleg. Legg ruta om med ein ny sti rundt gardstun og hytter der dette er ynskjeleg for grunneigaren. Bygdefolk har etablert ein sti frå Nordbygda i Hjordal til Blika i Svartdal. I Hjordal er det rydda og merka ein sti rundt Egderudfossen.



Det er mange gamle ferdselsveggar og stiar i Svartdal. Biletet til høgre er frå Skarsvegen over eigdommen Skaret.

### ***Restaurering – ferdselsveg/sti***

Gjera dei eldre ferdselsvegane/stiane synlege og framkomelege for den vandrande. Dette vil i hovudsak omhandla rydding av buskar og tre. Trasèane kan evt. merkast om det er semja om det mellom dei involverte partar.

### ***Skjøtsel – ferdselsveg/sti***

Rydding og halda stiane tilgjengelege for brukarane. Skjøtsel utførast etter behov.



Frå stigen rundt Egderudfossen i Hjordal. Til høgre: merkestoppe på stien frå Svartdal til Hjordal

## **8.5 Bygningar**

Det samla kulturlandskapet i bygdene inneheld sær mange ulike typar bygningar. Eit gunstig klima med til dels låg luftfuktigheit gjer at ein finn fleire gamle bygningar i godt hald. I grenda er det gardar med våningshus, eldhus, stall, fjøs, løe, loft, smie, badsstogo og kvenn. Takkonstruksjon på dei eldste bygningane har vore gvåvtak, bordtak, flistak og torvtak alt etter alder og kva funksjon bygningen har hatt.



Bygningsmiljø på Sud-Åbø i Hjordal. Nigard Lien og Su-Blika i Svartdal

### ***Restaurering - bygningar***

For ei fullverdig restaurering er det ynskjeleg at ein ivaretek den ytre stilen mest mogeleg. Kva ein gjer innvendig vil nok vera mindre vesentleg for kulturlandskapet. For bygningar med ”sviktande helse” pga. lekkasjar i taket kan ein som ei mellombels løysing rå til å leggja plate-tak. For informasjon om restaurering av bygningar i kulturlandskapet syner vi til brosjyra ”*RÅD OG TIPS – Om utvendig restaurering av eldre trehus*” utgitt av fylkeskommunane i Vest-og Aust Agder og Telemark, Fylkesmannen si landbruksavdeling i dei same fylka, samt Agder-Telemark Skogeigarforeining, i 2005. Brosjyra kan skaffast ved å ta kontakt med Fylkeskommunen i Telemark eller Agder-Telemark Skogeigarforeining.

### ***Skjøtsel - bygningar***

Ein bør gjera førefallande skjøtsel etter behov. Det er både enklare og rimelegare å utføra mindre tiltak etterkvart, enn å venta så lenge at ein må i gang med eit større restaureringsarbeid.

## **8.6 Andre element**

Dette kan vera alle andre tenkeleg kulturminne-element i området som til dømes bakkemurar, støttemurar eller tufter. Ved gamle tufter har ofte trevirket rotta bort og berre ein ringmur av stein er synlege. I bygdene er det og mange tufter



etter bygningar som er flytta til ein ny stad på garden eller til ein anna eigedom. Biletet til venstre syner den gamle mura gruvevegen frå Haugsvold til Blika. Murane lengst bak i biletet til høgre syner tufter på det gamle Kleivtunet på Haugsvold.

### ***Restaurering – andre element***

I hovudsak er det viktigast å gjera flest mogeleg av kulturminna synlege i landskapet og hindre at dei rasar ut pga utsprenjing av røtter. I kva grad det er formålstenleg og let seg gjera å ytterlegare setja elementa i stand, må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

### ***Skjøtsel – andre element***

Som for steingjerde. Skjøtsel gjerast utifrå det resultatet ein har sett seg som mål.

## **9. OMRÅDE EIN TILRÅR Å BYRJA MED**

Det viktigaste er at ein opprettheld den noverande landbruksdrifta og annan skjøtsel som vert drive i bygda. Vidare er det ynskjeleg at ein etterkvart fylgjer opp med restaurering og skjøtsel av nye areal. Før ein set i gang med restaurering av gjengrodde areal er det særskild viktig at ein planlegg og sikrar den vidare skjøtselen av området. Grunnen er at det kan gjera vondt verre å setja i gang restaurering av område som har ligge brakk lenge, enn å la vera å gjera noko i det heile. I ny-rydda område får ein oftast store oppslag av renningar, og dette krev vidare skjøtsel. I tilfelle der ein ikkje kjem til å utføra denne skjøtselen vil ein tilrå å la vera å setja i gang med restaureringsjobben!

Ein gjer ein ytterlegare god jobb om ein held fram med eller tek tak i og skjøttar kantsoner kring vegar, bekkar og restområde som står att etter td. traktorslått. Særskild ofte er det akkurat desse areala som har den største betydninga for det biologiske mangfaldet, fordi: - det er ofte

område som aldri har vore oppdyrka og såleis har lang kontinuitet (same bruk/skjøtsel over mange år). Likeeins har desse områda ofte vore mindre produktive, og med det heller ikkje vorte gjødsla noko særleg. Kantar er ofte skrinne område der små og mindre næringskrevjande artar får sleppa til. Desse kantsonene og restareala ein talar om her har ofte vore lite tilgjengeleg med moderne reiskap og maskiner. I sin tur har det mange stader resultert i at ein finn ivaretekne kulturminne som kvernhus, steinsatt bekk, m.m. Oppsummert vil dette sei at skjøtsel av denne type område ivaretek og synleggjer både artsriksdom og kulturminne i landskapet.

## 10. OPPFYLJING

Skjøtsel utført på den enkelte eigedom er heilt avhengig av eit initiativ i frå grunneigaren. Dette kan vera i form av organisering av skjøtsel/skjøtselstiltak, eller utføring av dette arbeidet sjølv. Den offentlege forvaltninga kan sjølv sagt ikkje påleggja nokon grunneigar å driva skjøtsel, men ein kan koma med ei sterk oppfordring til det.

Ei oppfylgning av denne generelle skjøtelsplanen, og elles det arbeidet som fram til no er satsa på ivaretaking av kulturlandskapet i bygdene, vil ein vonleg koma i gang med gjennom skjøtelsplanar for den enkelte eigedom. Ei god oppfylgning av skjøtelsen der ein noterer seg kva ein verkeleg gjer, vil over tid gje oss eit bilete på om ein har satt i gang ein føremålstenleg skjøtsel.

Den generelle skjøtelsplanen som her føreligg er eit grunnlag for det arbeidet som er gjort til denne tid. Skjøtelsplanen bør reviderast jamneleg for å kunna ta inn nye erfaringar frå den utførte skjøtelsen.

Likeeins som for annan verksemd innan landbruksnæringa vil også landbruksetaten ha ei sentral rolle i samband med kulturlandskapsspørsmål. Ein tenkjer her på rettleiing og informasjon, hjelp til utfylling av søknadar, osb. Landbruksetaten er ikkje minst sentral når det gjeld næringsutvikling innan jord-og skogbrukssektoren. Dette gjeld både ei satsing innan det tradisjonelle og etablering av nye produkt og nisjar.

## 11. LITTERATUR

Det sentrale utvalget for nasjonal registrering av Verdifulle kulturlandskap 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge. Mer enn bare landskap! Sluttrapport. - DN, Trondheim.

Flatin, Tov, 1945. Seljord. Bind 2 og 3. Johansen & Nielsen, Oslo.

Fjellstad, W. J. 1998. The landscape ecology of butterflies in traditionally managed norwegian farmland. University of Durham.

Geirsta, Gunhild. 2002. Sluttrapport. Kulturlandskapsprosjektet i Svartdal. Seljord kommune.

Norderhaug, Ann., Austad Ingvild, Hauge Leif. & Kvamme Mons. 1999. Skjøtelsesboka – for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget

Norges Bondelag 1997. Dyreliv i kulturlandskapet. Biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap.

Moen, Asbjørn., Ims, Rolf A., & Jones, Michael. 1998. Jordbrukets kulturlandskap. Forvaltning av miljøverdier. Universitetsforlaget, Os

Schei, Ole Per. 2002. Sluttrapport. Kulturlandskapsprosjektet i Hjartdal kommune.

Wille, H.J. 1786. Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld i Øvre-Tellemarken i Norge. - Gyldendals forlag, Kiøbenhavn.

Det finst veldig mykje ulik litteratur kring temaet kulturlandskap. I litteraturlista ovafor er *Skjøtelsesboka* og *Jordbrukets kulturlandskap* to nyare bøker som kan vera aktuelle. Skjøtelsesboka er den som mest er vinkla mot praktiske skjøtselstiltak og mykje av informasjonen i denne planen er henta derifrå. Skjøtelsesboka er tilgjengeleg på folkeboksamlinga i Seljord og Flatdal.

## 12. Framlegg til jordleigeavtale

### Jordleigeavtale

..... som eigar av gnr. .... bnr. ....,  
har inngått avtale med ..... som er  
leigetakarar.

1. Omfang
2. Lengde på leigetida
3. Bruken av beitet
4. Investeringar
5. Leigeavgift
6. Framleige
7. Eigar/leigarskifte
8. Misleghald

..... den ..... 200.....                      ..... den ..... 200

.....  
eigar/utleigar

.....  
leigetakar